

## Styremøte 06.06.23

Til stades: Lars, Marit, Sigurd, Judith, Roar, Vegard.

### Sak 1: Referat

Referat bør skrivast og sendast ut kort tid etter møte. Judith får ansvar for å skrive referat frå møta og sende dette til Lars. Han har ansvar for at det blir lagt ut på heimesida til klubben. Lars har ansvar for å samle referat og annan informasjon både frå tidlegare og i tida framover.

### Sak 2: Vedlikehald

Vegard gjekk gjennom oppgåver som bør gjennomførast i løpet av sesongen. Det meste må utførast på dugnad - ein ettermiddag i juni og ein i august.

Vår:

1. Flytebrygge, badestige, rundstokk, rullestolrampe og fending.  
Vegard kjøper badestige og reparerer rundstokk. Resten av arbeidet på dugnad.
2. Rense langs husveggen, avfall, legge på singel, slå graset utanfor naustet.  
Jomar har ansvar for å få tak i singel. Dette må vere klart seinast **14. juni**.  
Utførast på dugnad.

Haust:

1. Mosefjerning: OMO på taket  
Marit kjøper inn, arbeidet blir utført i løpet av august.
2. Støvsuge inne, prime betong. Vannbord.  
Utførast på dugnad.

Vedlikehaldsgruppa har overordna ansvar for at arbeidet blir utført.

Første dugnad blir 20. juni frå kl 17.00. Lars publiserer via Facebook og e-post til medlemmene. Påmelding på FB innan 18.juni.

Marit kjøper inn mat og drikke.

Verktøyliste: be medlemmene ta med det vi treng av verktøy og opplyse om dette ved påmelding.

### Sak 3: Andre oppgåver som må utførast

Reparasjon av kajakkar: Det er viktig at kajakkane som er til utlån er i god stand og ikkje har manglar. Ansvarlege for arbeidet må få dette gjort **innan 30. juni**.

Lage og henge opp rutiner for bruk av naust og kajakkar: Marit (naust) og Sigurd (kajakkar) har ansvar for å lage rutiner. Lars har ansvar for å skrive ut og henge opp informasjonen.

Stropper til oppheng av kajakkar: mange av desse må byttast ut. Lars og Vegard anbefalte å fase ut stropper og gå over til å bruke tau med krokar. Vegard har ansvar for å kjøpe inn dette.

Varetelling i naustet: bør utførast vår og haust.

### Sak 4: Aktivitetar m.m.

9. juni: Kultur natt i Førde. Marit, Sigurd, Asbjørn, Øyvind (og evt fleire) stiller.

30. juni: Teigen leirstad, aktivitet for ungdom. Sigurd, Lars, (Maria, Marit) stiller.

7. - 8. juli: Våt moro, Florø. Låne ut barnekajakkar.

27. juli: Holsa open, 4H. Sigurd og Marit stiller.

28. oktober: KFUK konfirmantleir, Sande. Vegard ansvarleg.

Endringar i padleplanen:

Flekkefjorden 16. juni blir flytta til **Dalsfjorden 15. juni**

Digernesvatnet 29. juni blir flytta til **Vassenden**

### **Sak 5: Økonomi**

Klubben har fått 20 000 kr frå Norsk Padleforbund. Vil bli brukt til kajakkskulen.

Har søkt om lågterskelmidlar 20 000 kr.